



Sogndal kommune
Postboks 153
6851 Sogndal

Oppsummering etter møte og tilbakemelding på oppfølging av tilsyn med Sogndal kommune (Sogn barnevern)

Deltakarar i møtet:

Frå kommunen: Rådmann Jostein Aanestad, kommunalsjef Ole Gunnar Krakhellen, barnevernleiar Hadle Blikra, fagleiar Elin Pettersen Tysse, teamleiar Kristin Kastet, teamleiar Ingunn Breilid

Frå Fylkesmannen: Anne Karin Hamre, Hanne Sæbø, Line Pedersen Døsen, Gunn Randi Bjørnevoll og Turid Måseide

Bakgrunnen for møtet:

Tilsynet med Sogn barnevern 2016, kommunens plan for lukking og informasjon frå kommunen om status for lukking av dei åtte avvika. Fylkesmannen vil ha meir detaljert informasjon om status for forbetningsarbeidet og kommunens kontroll med tenesta på dei aktuelle områda.

1. Kommunen gjorde greie for internkontrollsystemet sitt (SKK). Fylkesmannen skal få kopi av dei lysarka kommunen brukte. (Dette har Fylkesmannen motteke)

Kommunen ville med denne gjennomgangen svare ut korleis rådmannen følgjer med på tenestene på barnevernsområdet og sikrar at kommunens praksis er i samsvar med barnevernlova. Fylkesmannen forstår det slik at rådmannen er tett på barnevernstenesta, og at rådmannen følgjer med på tenesta gjennom skriftlege og munnlege rapporteringar, som mellom anna omfattar alle dei områda som er omfatta av forbetningsplanen. Ved rapportering av nøkkeltal, er det dialog mellom rådmannen og barnevernleiar om det faktiske grunnlaget for tala. Barnevernleiaren, fagleiaren og teamleiarane forklarte korleis dei jobbar med å heve kvaliteten i tenesta. Rådmannen har klare forventningar knytt til fagleg kvalitet og er trygg på at kommunen gjennom leiing og kontroll sikrar kvaliteten i tenestene.

Kommunen gjorde òg greie for korleis avvik vert fanga opp og følgt opp. I oppfølginga vurderer dei kva som kan vere årsaka til avviket, og på bakgrunn av det, vert det sett inn tiltak for å sikre mot tilsvarande avvik framover i tid.

2. Status for forbedringsarbeidet punkt for punkt

Meldingshandtering

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje forsvarleg vurdering av alle meldingar, jf. barnevernlova § 4-2, jf. § 4-3, § 1-4, jf. internkontrollforskrifta § 4.

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva må dei gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At dei registrerer alle meldingar rett i fagsystemet
- At dei bruker tidlegare kjennskap til barnet/familien ved vurdering av meldinga, og dokumenterer dette
- At dei avklarar meldinga med meldaren, der det er nødvendig
- At dei avklarar med den eine av foreldra, der det er nok til å henleggje meldinga
- At dei dokumenterer dei barnevernfaglege vurderingane dei har gjort ved meldingsgjennomgangen
- At dei alltid har avklara med meldaren, før dei eventuelt henleggjer ei melding frå ein offentleg meldar
- At dei alltid vurderer om det kan vere behov for hjelp frå barnevernet sjølv om andre instansar er inne
- At dei aldri henlegg meldingar med opplysningar om foreldrekonflikt utan å vurdere om foreldrekonflikten kan gå utover barnet

I møtet ville Fylkesmannen ha meir informasjon om korleis rådmannen følgjer med på dette, og sikrar at kommunens praksis er fagleg forsvarleg. Dersom det sviktar, korleis vert dette registrert og følgd opp vidare og kven gjer kva?

Kommunen har etter det vi forstår fått på plass rutinar, dels skriftlege rutinar og sjekklister, dels kontorrutinar som sikrar at det er fleire tilsette om oppgåvene og at dei kvalitetssikrar kvarande. Elles gjeld det som er forklart generelt om internkontroll og læringsløyper ved avvik.

Undersøkinga

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje at undersøkinga er i samsvar med lovkrava, jf. barnevernlova § 4-3, § 6-9, § 1-4, jf. internkontrollforskrifta § 4.

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva dei må gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At dei for kvar undersøking har ein god plan
- At dei sjekkar ut alle delar av meldinga
- At dei ikkje avsluttar undersøkinga før dei har innhenta (fått) nødvendig informasjon
- At dei held undersøkingsfristen
- At dei skriv undersøkingsrapport
- At dokumentasjonen har rett dato

I møtet ville Fylkesmannen ha meir informasjon om korleis kommunen sikrar saksoppfølginga på individnivå i dei vekentlege møta. Vert det brukt lister eller verktøy for å sikre at alle saker der det er behov vert diskutert, eller har de andre system for å sikre at de ikkje glepp på ei sak?

Vidare ville Fylkesmannen ha meir informasjon om korleis rådmannen følgjer med på at Sogn barnevern ikkje avsluttar ei undersøking før saka er godt nok opplyst, vurdert og dokumentert. Dersom det sviktar, korleis følgjer leiinga dette opp og korleis vert svikten registrert og brukt i styringa vidare?

Kommunen opplyste i møtet mellom anna at den som godkjenner eit brev har som oppgåve å kvalitetssikre dato, og at det alltid er tre som har lese og kvalitetssikra innhaldet i rapporten. Kommunen brukte kvalitetssikring av dato som døme på avvik som vart fanga opp og læringsløyvene for å førebyggje tilsvarande avvik. Teamleiaren informerte om korleis teammøtet vart brukt til utsjekk (ulike rundar). Fylkesmannen fekk kopi av sjekklista som vert nytta i teammøta.

Tilbakemelding til meldar

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje at alle meldarar får tilbakemelding i samsvar med lovkrava, jf. barnevernslova § 6-7 a tredje og fjerde ledd, § 1-4, jf. internkontrollforskrifta § 4.

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva må dei gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At meldar får tilbakemelding om at bvt har fått meldinga
- At innhaldet i tilbakemeldinga er rett
- At offentleg meldar får tilbakemelding etter avslutta undersøking, innan tre veker etter at undersøkinga er gjennomført
- At offentleg meldar får informasjon om type tiltak der det er nødvendig

Fylkesmannen ville ha meir informasjon om korleis leiinga følgjer opp svikt, og korleis svikten vert registrert og brukt i styringa vidare?

Kommunen viste til det dei har forklart generelt om internkontroll og læringsløyfer ved avvik.

Oppfølging av hjelpetiltak for barn som bur heime

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje at oppfølging av hjelpetiltak for barn som bur heime er i samsvar med lovkrava, jf. barnevernslova § 4-5, § 1-4 og internkontrollforskrifta § 4.

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva må dei gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At alle barn har tiltaksplan for alle tiltaksperiodar, med konkrete mål og datoar som stemmer
- At alle tiltak vert følgt opp, så tett kontakt som nødvendig
- At alle tiltak vert evaluerte så ofte som nødvendig
- At dei sikrar god evaluering, innhentar nødvendig å relevant informasjon frå andre til bruk i evalueringa, bruker den informasjonen dei har, oppsummering før konklusjon
- At dei har særleg fokus på å planleggje overgang ved fylte 18 år

Fylkesmannen ville vite korleis kommunen sikrar saksoppfølginga på individnivå i dei vekentlege møta. Vert det brukt lister eller verktøy for å sikre at alle saker vert følgt opp i samsvar med lova?

Vidare ville Fylkesmannen vite meir om korleis rådmannen følgjer med på at Sogn barnevern følgjer opp hjelpetiltak i heimen, evaluerer og justerer tiltaka etter behov. Dersom det sviktar, korleis følgjer leiinga dette opp og korleis vert svikten registrert og brukt i styringa vidare?

Dette er det faste rundar på i teammøta. Fylkesmannen fekk kopi av sjekklista som vert nytta i teammøta. Elles gjeld det som er forklart generelt om internkontroll og læringsløyfer ved avvik.

Oppfølging av barn i fosterheim

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje at oppfølging av barn i fosterheim er i samsvar med lovkrava, jf. barnevernlova § 4-22 fjerde, femte og sjette ledd, fosterheimsforskrifta § 7, barnevernlova § 1-4, jf. internkontrollforskrifta § 4.

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva må dei gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At dei alle stader der dei viser til heimel for barnets plassering bruker rett heimel
- At dei fangar opp all relevant informasjon om barnet og følgjer den opp
- At dei alltid gjennomfører så mange oppfølgingsbesøk som nødvendig
- At alle barn har ein tilsynsperson og får tilsynsbesøk så ofte som nødvendig
- At dei bruker informasjon frå tilsynspersonen (rapportane) i oppfølginga av barnet
- At dei har ein plan for oppfølgingsbesøk (oppfølgingspunkt ved besøk og dokumentasjon som viser kva som har vore tema ved slike besøk)
- At dei sikrar god evaluering, innhentar nødvendig å relevant informasjon frå andre til bruk i evalueringa

Også på dette punktet ville Fylkesmannen ha nærare informasjon om korleis kommunen sikrar saksoppfølginga på individnivå i dei vekentlege møta. Vert det brukt lister eller verktøy for å sikre at alle saker vert følgt opp i samsvar med lova? Dersom det sviktar, korleis følgjer leiinga dette opp og korleis vert svikten registrert og brukt i styringa vidare?

Dei faste rundane i teammøta fangar dette opp. Fylkesmannen fekk kopi av sjekklista som vert nytta i teammøta. Elles gjeld det som er forklart generelt om internkontroll og læringsløyper ved avvik.

Fylkesmannen har nyleg motteke klager frå fosterforeldre som er misnøgde med oppfølginga frå tenesta. Fylkesmannen presiserer at vi ikkje fører tilsyn med den økonomiske oppfølginga av fosterheimane, men skal sikre at barnet og fosterforeldra får god nok oppfølging. Kommunen melder tilbake at dei har endra fokus og er meir opptekne av at dei skal støtte og følgje opp fosterheimane enn å betale mest mogleg for frikjøp. Ifølgje kommunen er det kome nokre reaksjonar der stønadsnivået er endra.

Barnets rett til medverknad

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje barnets rett til medverknad i samsvar med lovkrava, jf. barnevernlova § 6-3 første ledd, § 1-4, jf. internkontrollforskrifta § 4

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva må dei gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At alle barn som har fylt 7 år og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, er informerte og har fått høve til å uttale seg før det er teke avgjerder som gjeld han eller henne
- At informasjon frå barnet og barnets syn på saka vert dokumentert

Fylkesmannen ville vite meir om korleis leiinga følgjer med på at dette er gjort. Kva system sikrar at det skjer i alle saker? Dersom det sviktar, kva vert gjort med svikten, og korleis sikrar de at svikten vert brukt i styringa vidare?

Dei faste rundane i teammøta fangar dette opp. Fylkesmannen fekk kopi av sjekklista som vert nytta i teammøta. Elles gjeld det som er forklart generelt om internkontroll og læringsløyper ved avvik.

Bruk av tolk

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje bruk av tolk i samsvar med lovkrava, jf. forvaltningslova § 17, barnevernlova § 1-4, jf. internkontrollforskrifta § 4

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva må dei gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At dei vurderer spørsmålet om tolk straks dei får ei sak
- At dei dokumenterer vurderingar som er gjort rundt språk og behov for tolk

Også på dette punktet har kommunen vist til at det vert følgt opp gjennom vekentlege teammøter. Fylkesmannen ville vite meir om korleis dette vert gjort i praksis, slik at ingen saker vert gløymte, og at alle vert gjennomgått på rett tidspunkt. Kva rutinar har kommunen for å fange opp desse sakene, og dersom det sviktar, korleis vert svikten registrert og følgt opp både på saksnivå og systemnivå?

Dei faste rundane i teammøta fangar dette opp. Fylkesmannen fekk kopi av sjekklista som vert nytta i teammøta. Elles gjeld det som er forklart generelt om internkontroll og læringsløyper ved avvik.

Teieplikt

Avviket: Kommunens styring sikrar ikkje at teiepliktig informasjon alltid vert handtert i samsvar med lovkrava, jf. barnevernlova § 6-7 første, andre og tredje ledd, § 1-4 og internkontrollforskrifta § 4.

Fylkesmannen har ved oppfølginga av avviket bedt kommunen vurdere kva må dei gjere annleis, mellom anna for å sikre:

- At dei ikkje sender informasjon til feil instans
- At dei ikkje innhentar opplysningar frå andre instansar utan heimel/samtykke frå den det gjeld
- At dei ikkje sender teiepliktige opplysningar per sms og e-post

Fylkesmannen ville vite meir om korleis kommuneleiinga kan vite at teieplikta ikkje vert broten, og at alle sakshandsamarar følgjer dei gjeldande rutinane, dersom det ikkje ligg kontrollrutinar knytt til temaet. Korleis sikrar kommuneleiinga at barnevernstenesta tek i vare teieplikta på ein forsvarleg måte, og dersom det sviktar, korleis vert dette fanga opp og handtert vidare?

Kommunen har meldt tilbake skriftleg at: «*Avvik vert fanga opp gjennom ulik rapportering, oppfølging og kontroll. Det er låg terskel for å melde frå om avvik.*»

Fylkesmannen ville vite meir om kva kommunen meiner med “*ulik rapportering, oppfølging og kontroll*”. Kva system finst, og korleis vert dette gjennomført? Mykje av styringa skjer gjennom møte og dialog. Fylkesmannen ville vite meir om korleis kommunen dokumenterer dette, og korleis kommunen kan sikre at dei fangar opp alle saker i dei ulike trinna i sakshandsaminga. Vidare ville vi vite meir om korleis leiinga følgjer med på at dette skjer. Kva skjer dersom det sviktar, korleis vert svikten dokumentert og teke inn i styringa vidare?

På dette punktet gjeld det som er forklart generelt om internkontroll og læringsløyper ved avvik.

Konklusjon

Ut frå tilbakemeldingane dykkar tidlegare og gjennomgangen vi hadde i møte, vurderer Fylkesmannen at kommunen har gjennomført nødvendige endringar. For ordens skuld presiserer Fylkesmannen at vi ikkje har kvalitetssikra eller godkjent kommunens prosedyrar, malar og rutinar.

Tilsynet med barnevernstenesta i kommunen er etter dette avslutta. Vi vil likevel be kommunen melde tilbake om kva tema internrevisjonen skal omfatte. Vidare vil vi be om tilbakemelding når kommunen ser om tiltaka verkar etter intensjonen og har gjennomført internrevisjon og evaluering av planen, seinast innan 1. juli 2018.

Fylkesmannen takkar for samarbeidet, og ønskjer kommunen lukke til med vidare kvalitets- og internkontrollarbeid.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Line Pedersen Døsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Statens helsetilsyn	Postboks 8128 Dep	0032	Oslo
Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863	Leikanger
Luster kommune	Rådhuset	6868	Gaupne
Balestrand kommune	Kong Beles veg 20	6899	Balestrand